



Dei 2 lokale trubadurane Kristian og Reidar, her i aksjon i Gamleskulen, skal leia allsongen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Neste laurdag vert det skipa til Allsong i sjøkanten på Systrene Nilsen. Det var ein suksess i fjor med godt frammøte og god stemning.



Den fyrste gjesteartisten har ikkje gløymt gamle kunster (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ansvarlege for allsongen er dei lokale trubadurar Reidar Myklebust og Kristian Olav Bringedal. Nytt i år er at det vert gjesteartistar. Fyrst ut er Hans Gustav Musland. Han er trekkspel-veteranen framfor nokon i bygda. Til dømes les vi i hundreårsboka til ungdomslaget at han var ein av dei faste spelemennene ved innøving og framsyning av folkedans og gamaldans. Hans Gustav var i si tid også ein sentral aktør på trekkspel i gruppa Jubelgutta.

Med seg hadde han Amund Matre, Reidar Myklebust, Rolf Sunde og Per Myklebust. Han er framleis ein flink trekkspelar.

Grappa debuterte på ei nyttårsafta i Helgheim og namnet var det ein frå Rosendal som hadde ideen til. Jubelgutta var eit aktivt danseband i 2 - 3 år på 1960-talet. Grappa vart oppløyst då medlemene reiste frå Kvinnherad for å ta utdanning

I tida Hans Gustav har budd på Stord, har han vore ein aktiv korsongar, i gruppa Stordgutane. No har han Uskedalen som sommar-adresse.

Det er sjølvsagt høve å melda inn ynskje om kjende og kjære songar. Det kan gjerast på denne adressa:

kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Av Ola Matti Mathisen